



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Til alle på adresselista

Vår dato: **02 SEPT 2010**

Vår ref.: NVE 200707964-5 ki/kima

Arkiv: 312 /050.21

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kirsten Marthinsen

22 95 92 34

HardangerAlliansen – Søknad om løyve til å bygge Tveisme kraftverk i Ullensvang herad, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå HardangerAlliansen, datert 13.8.2010, om løyve til å byggje Tveisme kraftverk i Ullensvang herad.

Tveisme kraftverk er planlagd i Tveismeelva som renn ut i Eidfjorden. Inntaket vil ligge på kote 725 og kraftstasjonen på kote 45. Vassvegen vil bli nedgrave opp til ca. kote 400, deretter er det planlagd tunnel det siste stykket opp til inntaket. Det vil verte installert ein peltonturbin og det er planlagd ei slukeevne på 1,0 m³/s. Installert effekt vert 6,0 MW og produksjonen er berekna til 18 GWh. Foreslått minstevassføring er 50 l/s. Kraftstasjonen er planlagd på nordsida av elva nær riksveg 13. Nettilknytning vert via ei luftline på om lag 70 meter, til tilknytingspunkt på sørsida av elva. Det er planlagd permanent anleggsveg frå kraftstasjonen til tunnelpåhogget. Sjølv inntaket på kote 725 kan byggast med hjelp av helikopter. Det vil verte trong for om lag 60 meter ny tilkomstveg til kraftstasjonen.

Det er òg foreslått eit redusert utbyggingsalternativ. Etter dette alternativet vil inntaket ligge på kote 400 og kraftstasjonen på kote 20. Slukeevna vert 1,4 m³ og generatoren vil få ei yting på 4,5 MW. Produksjonen vert om lag 13,6 GWh. Det er foreslått ei minstevassføring på 60 l/s, og det søkjast om permanent anleggsveg opp til inntaket. Luftline til tilknytingspunkt for nett vert om lag 120 meter.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Tveisme kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Lars Arne Eide på tlf. 99 10 17 51 eller e-post: lars-arne@kraftkarane.no.

NVE ber Ullensvang herad leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på heradshuset i Kinsarvik fram til **12.11.2010**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Søknaden vil òg bli lagt ut på Ullensvang herad sine heimesider.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord
Kongens gate 14-18
Postboks 394
8505 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50


Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **12.11.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Øystein Grundt
seksjonssjef



Kirsten Marthinsen
Kirsten Marthinsen
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til heradet
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

Adresseliste for: Bygging av Tveisme kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Hardanger Folkeblad og Bergens Tidende

Tal på søknadar	Namn/adresse
4	Ullensvang herad, 5780 KINSARVIK
	Fylkesmannen i Hordaland, Kaigaten 9, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201, 5811 BERGEN
	NJFF Ullensvang v/Torfinn Opedal, 5780 KINSARVIK
	Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Hardangervidda villreinnemnd v/Olav H. Opedal, 5781 LOFTHUS
	Direktoratet for Mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7491 TRONDHEIM
	Norsk ornitologisk foreining avd. Hordaland, postboks 280, 5751 ODDA
	BKK Nett AS
	Indre Hardanger Kraftlag AS
1	KM – Ivar Sægrov
1	KD – Egil Hyllestad
1	ER – Seming Skau

- KUNNGJERING -

HardangerAlliansen– Søknad om løyve til Tveisme kraftverk i Tveismeelva i Ullensvang herad

NVE har motteke ein søknad frå HardangeAlliansen om løyve til å bygge Tveisme kraftverk i Ullensvang herad.

Tveisme kraftverk er planlagd i Tveismeelva som renn ut i Eidfjorden. Inntaket vil ligge på kote 725 og kraftstasjonen på kote 45. Vassvegen vil bli nedgrave opp til ca. kote 400, deretter er det planlagd tunnel det siste stykket opp til inntaket. Det vil verte installert ein peltonturbin og det er planlagd ei slukeevne på 1,0 m³/s. Installert effekt vert 6,0 MW og produksjonen er berekna til 18 GWh. Foreslått minstevassføring er 50 l/s. Kraftstasjonen er planlagd på nordsida av elva nær riksveg 13. Nettilknytning vert via ei luftline på om lag 70 meter, til tilknytingspunkt på sørsida av elva. Det er planlagd permanent anleggsveg frå kraftstasjonen til tunnelpåhogget. Sjølve inntaket på kote 725 kan byggast med hjelp av helikopter. Det vil verte trong for om lag 60 meter ny tilkomstveg til kraftstasjonen.

Det er òg foreslått eit redusert utbyggingsalternativ. Etter dette alternativet vil inntaket ligge på kote 400 og kraftstasjonen på kote 20. Slukeevna vert 1,4 m³ og generatoren vil få ei yting på 4,5 MW.

Produksjonen vert om lag 13,6 GWh. Det er foreslått ei minstevassføring på 60 l/s, og det søkjast om permanent anleggsveg opp til inntaket. Luftline til tilknytingspunkt for nett vert om lag 120 meter.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på heradshuset i Kinsarvik og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Lars Arne Eide på tlf.: 99 10 17 51 eller e-post: lars-arne@kraftkarane.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **12.11.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.